



Monika Gabrielli

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1513 - 14/12238

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

11.11.2014

Informasjon om kulturminneregistrering

Takk for at du vil delta i kulturminneregistreringa som skal liggja til grunn for kulturminneplanen til Radøy kommune!

Kulturminneplanen skal, som sagt på kurset, handla om faste, materielle kulturminne. Gjenstandar og immaterielle kulturminne vert ikkje tatt med denne gongen, men det kan vera aktuelt å nemna desse i tiltaksdelen.

Ein del kulturminne er registrerte frå før. Det gjeld i all hovudsak automatisk freda arkeologiske kulturminne, bygningar som er eldre enn 1900 i delar av kommunen, samt ein del sjøbruksregistreringar. Utanom dette er det meir sporadiske registreringar som tidlegare ikkje er systematiserte eller registrerte på kart.

Dei kulturminneregistreringane som skal gjerast no er såleis anten oppdateringar av tidlegare registreringar eller nyregistreringar av kulturminne. Når det gjeld oppdateringar av tidlegare registreringar, er me særleg interessert i opplysningar om bygg der det er skjedd endringar, anten bygget er vekte, tilstanden på bygget er vesentleg endra eller der det er gjort ombyggingar. Når det gjeld nyregistreringar er me framleis interesserte eldre bygningar, og 1900 er ikkje lenger ei absolutt grense for kva som skal registrerast. I tillegg til dette er me også interesserte i å få registrert andre typar kulturminne som spor etter næringsverksemd, vegar, kaiar, men og andre typar kulturminne som de kjenner til. Er du i tvil om du skal registrera eit kulturminne, så ta det med. Det er viktig å få dokumentert alle typar kulturminne og sikra informasjon om desse. Me er også interesserte i opplysningar om kulturminne som er særmerkte for Radøy og viktige for vår identitet.

Ei oversikt over det som er registrert finn de på www.miljostatus.no/kart Der kan de haka av for arkeologiske kulturminne, bygningar eldre enn 1900 og automatisk freda kulturminne under «Se alle tema». Trykk deretter på krysset oppe til høgre, og zoom dykk inn på kartet til ein målestokk der ikona for desse registreringane vert vist. Klikkar de på trekanten får de opp eit vindauge med informasjon, mellom anna SEFRAK-nummeret, som skal inn i skjemaet. For dei fleste SEFRAK-registrerte bygg har me skjema med meir informasjon. De kan få tilsendt dei skjema som er aktuelle for dykkar område. Bygningsnummer finn de på www.seeindom.no om de vil leggja inn det. Evt kan eg ordna det.

Eg har lagt ved ei liste over alle som har meld seg som registratorar, og kva dei ynskjer å registrera. På dette skjemaet finn de registratornummeret. Dette nummeret skal først i første feltet saman med nummeret på kulturminnet. T.d. Arne Høyland har fått registratornummer 001. Det første kulturminnet han registrerer får dermed registreringsnummer 001-001, det andre 001-002 osv. Registreringsskjemaet som me førebels nyttar, ligg også ved. Dei som ynskjer å nytta www.kulturminnesok.no kan gjera det.

Eg nemnde på kurset at me held på å utvikla eit webregistreringsskjema i Nordhordlandskart. Dette skjemet er ikkje klart enno, men de vil få beskjed når det kan nyttast.

Lukke til, og ikkje nøl med å ta kontakt om de har spørsmål. Eg kan nåast på tlf. 56 34 90 12 eller på mobil 99 24 54 69.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminneregistrering i Radøy
Registratorar

Mottakarar:

Monika Gabrielli
Johannes Birkeland
Arne Villanger
Olav Steinar Namtvedt
Kjetil Økland
Evy Dame
Audun Sylta
Borghild Røraas
Robert Mjøs
Vegar Toska
Kristoffer Toska
Åsmund Stray Nordberg
Unni Helle Nordberg

Rossnesvegen 361 5937

BØVÅGEN